

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 09.11.2018
SAKSHANDSAMAR: Lars Erik Solend /Anne Kristin Kleiven
SAKA GJELD: **Rapportering om prosjekt i Helse Førde**

ARKIVSAK: 2013/3778
STYRESAK: **094/2018**

STYREMØTE: **23.11.2018**

Tidlegare handsaming i styret: 036/2014 O, 061/2014 O, 045/2015 O, 070/2015, 039/2016, 067/2016, 059/2017, 088/2017, 056/2018

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek orienteringa om prosjekt og program i Helse Førde til vitende.

Oppsummering

Helse Førde følger opp prosjekt gjennom porteføljestyring for å sikre samsvar mellom strategiske mål, gjennomføring av tiltak og riktig prioritering. Det blir arbeid kontinuerleg med å utvikle porteføljestyringa og å heve kvaliteten i prosjektgjennomføringa ved å nytte felles regional metodikk.

Det er ein høg prosjektaktivitet i føretaket av både regionale og lokale initiativ. Fleire prosjekt arbeider med å innføre felles regionale arbeidsprosessar med tilhøyrande systemstøtte, noko som krev mykje ressursar til opplæring og utvikling. Elles kan fleire av prosjekta påverke framtidig tenestetilbod og organisering som til dømes Lærdal sjukehus, mottak av LIS 2 og 3 prehospitala tenester.

Nye Førde sjukehus har involvert store deler av organisasjonen i arbeidet med eit forprosjekt for nybygg og ombygging i Førde. Utkast til forprosjektrapport no klar, og framover vil fokuset dreie seg over mot byggetrinn 1 som er nybygg for psykisk helsevern.

Fakta

Ein viktig premiss for gjennomføring av strategien til Helse Vest er porteføljestyring, og i strategidokumentet Helse2035 heiter det:


Tiltaka i strategien kan gjennomførast som rein linjeaktivitet eller som eigne utviklings- og endringsprosjekt. Prosjekta skal følgjast opp gjennom heilskapleg porteføljestyring, der samsvar mellom dei strategiske måla og gjennomføring av tiltaka skal sikrast. Ressursstyring og rett prioritering er ein sentral del av porteføljestyringa. Gjennomgang og revidering av dei regionale fag- og funksjonsplanane skal sørge for at dei er i tråd med Helse2035.

Felles metodikk for prosjekt- og porteføljestyring skal brukast og utviklast vidare i samsvar med nye mål og behov. Realisering av nytte og verdi er viktig. Nye og eksisterande indikatorar vil derfor bli brukte i oppfølginga av strategien og dei enkelte tiltaka. Indikatorane og målstyringa må byggje opp om ei berekraftig økonomisk utvikling og sikre framtidig handlingsrom for nye investeringar.

Fleire av tiltaka i strategien kan representere ein auka risiko. Det gjeld mellom anna nye teknologiske løysingar og auka informasjonsdeling og avhengigheit mellom aktørane. Risikokartlegging og risikostyring vil derfor bli endå viktigare enn tidlegare.

Helse Førde arbeider med å utvikle porteføljestyringa og heve kvaliteten i gjennomføring av prosjekt ved å nytte felles regional metodikk.

Prosjektportefølja er organisert slik:



Lokalt arkitektur- og porteføljestyre

Lokalt arkitektur- og porteføljestyre har tilsvarande rolle som det regionale arkitektur- og porteføljestyret i Helse Vest (direktørmøta). Oppgåvene til styret er mellom anna å vedta og følgje opp den lokale prosjektporteføljen til Helse Førde og å legge premissane for korleis den skal styrast. Dette inneber til dømes å gjere prioriteringar på tvers av prosjekt og program.

Styret har same deltakare som styringsgruppa til det lokale utviklingsprogrammet Pasientens Helseteneste og nyttar same møtestruktur. I praksis blir det sett av tid i styringsgruppa for Pasientens helseteneste til aktuelle arkitektur- og porteføljesaker ved behov. Styringsgruppa er sett saman av føretaksleiinga, føretakstillitsvald og føretakshovudverneombod.

Lokalt arkitektur- og porteføljekontor

Lokalt arkitektur- og porteføljekontor er saksførebuande organ for arkitektur- og porteføljestyret, og utviklingsdirektør innstiller i saker som må opp til styret for avgjerd.

Kontoret har mynde til å følgje opp at gjeldande prosessar og rutinar blir etterlevd, og sørge for overordna planlegging av porteføljen. Det skal og gi støtte til prosjektleiarar i alle fasane i prosjektgjennomføringa, frå identifisering av behov til avslutning og overlevering.

Styringsgruppe og prosjekteigar

Har ansvaret for å sørge for rett og god gjennomføring av prioriterte prosjekt og program. Det vil seie å styre dei utvalde prosjekta og programma til gjennomføring innanfor avtalt tid, kostnad, kvalitet og nytte.

Kommentarar

Samleoversikt over prosjektstatus:

Prosjekt/program	Tid	Kost	Kvalitet	Risiko	Personell	Nytte
Alle møter						
Digitale skjema og brev						
Finne fram						
Innsjekk og betaling						
Mitt timeval						
Open linje						
Optimal timetildeling						
Pasientflyt og ressursar						
Vestlandspasienten						
HELIKS						
Digitalt mediaarkiv						
Felles radiologiløysing						
Kurve og legemiddelhandtering						
Legemiddeltryggleik						
Overgang til DIPS Arena						
Pasientens helseteneste						
Framtidig akuttmtottak						
Lærdal sjukehus						
Nye Førde sjukehus						
Prehospitala tenester						
Stadleg leing						
Utanfor program						
LIBRA						
Mottak av LIS 2 og 3						
Nasjonalt helseatlas						
NORSE						
Store og samansette behov						
Samlokalisering av sengepostar						
TikkTalk – skjermtolking						

Prosjekta er utvalde for å bidra til å realisere ulike deler av gjeldande strategiar for Helse Vest og Helse Førde, som til dømes Helse2035 og lokal utviklingsplan:

- Alle møter arbeider med å betre kommunikasjonsløysingar, tenester og organisering slik at pasientane møter ei einenskapleg og føreseieleg helseteneste.
- HELIKS utviklar og innfører nye løysinga for pasientjournalen, kurvedelen og det digitale mediearkivet.

- LIBRA optimaliserer støttetjenester innan økonomi, innkjøp og logistikk gjennom felles regionale arbeidsprosessar og systemstøtte.
- Pasientens helseteneste skal realisere Helse Førde sin lokale utviklingsplan. Hovudmålet til programmet er å utvikle tenestene slik at dei er samordna, tilpassa behovet og gjev pasienten så stor medverknad som råd.

Det er høg aktivitet innanfor prosjektarbeid lokalt i Helse Førde, men og regionalt i Helse Vest. Fleire prosjekt arbeider med å innføre felles regionale arbeidsprosessar med tilhøyrande systemstøtte, noko som krev mykje ressursar til opplæring. Elles har dei regionale prosjekta stort behov for at føretaka deltek i utvikling av nye løysingar. Helse Førde har i somme tilfelle ikkje kunne delta i dette arbeidet sidan det ikkje har vore mogleg ut frå drifta.

Sjølv om fleire av dei lokale innføringsprosjekta melder grøn status, blir dei i stor grad prega av utfordringar og forseinkingar i dei regionale prosjekta. Mellom anna melder KULE regionalt at manglande kliniske ressursar frå føretaka medfører forseinkingar, noko som aukar risikoen for lågare kvalitet i løysingane. LIBRA skulle opphaveleg starta første fase i innføringa av nytt system for områda rekneskap og verksemdsstyring i Helse Førde 1. januar 2019. På grunn av problem under testing blir innføringa utsett til våren, ny dato for innføring er ikkje fastsett.

Lokalt har særleg arbeidet med forprosjektet til Nye Førde sjukehus involvert store deler av organisasjonen. Utkast til forprosjektrapport er klart, og framover vil fokus dreie over mot første byggetrinn, som er nybygg for psykisk helsevern.

Konklusjon

I Helse Førde er det høg aktivitet innan ulike prosjekt og prosessar, med fokus på auka pasienttryggleik, kvalitet og samhandling. Verktøy og system som er etablerte for å overvake og halde kontroll over aktivitet, ressursbruk og prioritering er under stadig utvikling.

Vedlegg:

Rapportering om prosjekt i Helse Førde